

EKSAMEN

6006 000
Forretningsjus

18.05.2017

Tid:	4 timer
Målform:	Bokmål og nynorsk
Sidetal:	7 (inkludert denne)
Hjelpemiddel:	Norges Lover eller annen offisiell lovtekst uten kommentarer, herunder særtrykk og utskrifter av lover og forskrifter fra Lovdata.
Merknader:	Ingen
Vedlegg:	Ingen

Sensuren finner du på Student Web.

Bokmål

OPPGAVE 1

Fellesutsalget AS har gjentatt ganger krevd gårdbruker Bård Bonde for gammel gjeld. Gjelden er på 10 000 kroner. Bård har tilbudt å gjøre opp gjelden med 5 tonn poteter. Potetene har en markedsverdi på omtrent det samme beløpet som Bård skyldte. Fellesutsalget hadde mulighet til å selge potetene i butikklokalene sine, og selskapet aksepterte derfor ordningen.

Potetene ble levert 2. september. Den 21. november begjærte kommunekassereren i Lillevik kommune Bård konkurs. På grunnlag av denne begjæringen besluttet tingretten den 3. januar året etter å åpne konkurs i Bårds bo.

Advokat Kåre Slå Kloai har blitt oppnevnt som bostyrer. På vegne av konkursboet krever bostyrer at disposisjonen må omstøtes, noe Fellesutsalget AS bestrider at det er grunnlag for.

Spørsmål 1: Kan konkursboet kreve disposisjonen omstøtt?

OPPGAVE 2

I mars 2015 overførte Kari Holm vederlagsfritt en hyttetomt til sin ektefelle Thore Holm. Tomta hadde på overføringstidspunktet en verdi på 500 000 kroner. Overføringen skjedde ved ektepakt, og ektepakten ble tinglyst både i Ektepaktregisteret og grunnboken den 10. mars samme år. Den 1. januar 2017 ble Kari begjært konkurs, og konkurs ble åpnet den 4. januar 2017.

I ettertid har det oppstått tvist mellom konkursboet og Thore Holm om overføringen. Konkursboet mener at overføringen var illojal i forhold til konkursboet, og det har krevd disposisjonen omstøtt.

Thore Holm bestrider kravet. Han viser blant annet til at Kari ikke var insolvent på overføringstidspunktet, men at hun ble det først mange måneder senere. Konkursboet bestrider ikke dette, men det anfører at disse faktiske omstendighetene «ikke har noe med saken å gjøre».

Spørsmål 2: Drøft og avgjør om overdragelsen av hyttetomta kan kreves omstøtt.

OPPGAVE 3

I panteloven § 1-1 (1) defineres panterrett som en «særrett til å søke dekning for et krav (pantekravet) i ett eller flere bestemte formuesgoder».

Spørsmål 3: Forklar kort hva det betyr at panteretten er en «særrett».

OPPGAVE 4

Spørsmål 4: Forklar kort hva motregning er.

Spørsmål 5: Angi hvilke vilkår som må være oppfylt for å kunne kreve ensidig motregning.

OPPGAVE 5

Rolf Pettersen drev med utleie av campinghytter. Han trengte en ny gressklipper til klipping av gressplener i området hvor campinghyttene var plassert. Rolf var meget miljøbevisst. Han ønsket derfor en gressklipper som var batteridrevet.

Grønn Glede AS hadde akkurat begynt å forhandle slike gressklippere. Rolf kjøpte en slik. Den kostet 6.000 kroner. Den første gangen Rolf brukte gressklipperen, stoppet den etter ganske kort tid. Dette skjedde 1. juni. Rolf brukte gressklipperen hver uke, og hver gang stoppet den.

Etter et par måneder ble Rolf så lei av den nye gressklipperen at han den 5. august oppsøkte selgeren og forlangte å få en ny gressklipper. Selgeren undersøkte gressklipperen. Han oppdaget at det var en elektronisk del som hadde løsnet. Det utviklet seg da varme som førte til driftsstans. Når gressklipperen hadde stått en stund og blitt avkjølt, kunne den brukes igjen.

Selgeren mente at Rolf ikke hadde krav på å få ny gressklipper. For det første mente han at Rolf hadde reklamert for sent. For det andre mente selgeren at delen lett kunne skiftes, og da ville gressklipperen bli «som ny». Skifte av delen ville bare ta et par dager, og selgeren sa at utgiftene – ca. 500 kroner – ville bli dekket av Grønn Glede AS.

Rolf sto imidlertid på kravet sitt. Han ville ha en helt ny gressklipper, ikke bare en ny del.

Spørsmål 6: Har Rolf Pettersen reklamert i tide?

Spørsmål 7: Forutsett nå at Rolf Pettersen har reklamert i tide, og drøft og avgjør deretter om selgeren har rett til å skifte delen.

OPPGAVE 6

Real Eiendomsinvest AS' vedtektsbestemte formål er «kjøp, salg og utleie av fast eiendom og hva dermed står i forbindelse». Selskapet har et styre på tre personer.

Frem til desember 2015 var Peder Ås styreleder i selskapet, mens Lars Holm var daglig leder. I august 2015 mottok Holm på vegne av selskapet et tilbud fra Ole Vold om å overta hans majoritetspost i entreprenørselskapet Norsk Husbygging AS for 5 millioner kroner. Det var gode tider i byggebransjen, og Holm mente at det ville være bra for Real Eiendomsinvest AS å få flere bein å stå på. Etter konferanse med styreleder Ås inngikk Holm avtalen på vegne av Real Eiendomsinvest AS. Ås og Holm var enige om at det ikke var nødvendig å framlegge en slik avtale for styret.

På ekstraordinær generalforsamling i Real Eiendomsinvest AS i desember 2015 ble samtlige styremedlemmer skiftet ut. Det nye styret hevdet overfor Vold blant annet at Holm ikke hadde myndighet til å inngå avtalen, og at aksjehandelen derfor måtte gjøres om. Vold motsatte seg dette, da det ikke var hans problem at Holm eventuelt hadde gått ut over sine fullmakter.

Spørsmål 8: Drøft og avgjør om Holm hadde myndighet til å inngå avtalen.

Spørsmål 9: Fortsett nå at Holm ikke hadde myndighet til å inngå avtalen, og drøft og avgjør deretter om avtalen likevel er bindende for Real Eiendomsinvest AS.

OPPGAVE 7

Spørsmål 10: Forklart kort hva som kjennetegner økonomisk kriminalitet.

Nynorsk

OPPGÅVE 1

Fellesutsalget AS har gjentatt gonger kravd gardbrukar Bård Bonde for gamal gjeld. Gjelda er på 10 000 kroner. Bård har tilbudd å gjere opp gjelda med 5 tonn poteter. Potetene har ein marknadsverdi på omtrent det same beløpet som Bård skyldte. Fellesutsalget hadde moglegheit til å selje potetene i butikklokala sine, og selskapet aksepterte derfor ordninga.

Potetene vart levert 2. september. Den 21. november kravde kommunekasseraren i Lillevik kommune Bård konkurs. På grunnlag av denne konkursbegjæringa bestemte tingretten den 3. januar året etter å opne konkurs i Bård sitt bu.

Advokat Kåre Slå Kloai har blitt oppnemnt som bustyrar. På vegne av konkursbuet krever bustyrar at disposisjonen må omstøytast, noe Fellesutsalget AS bestrider at det er grunnlag for.

Spørsmål 1: Kan konkursbuet krevje disposisjonen omstøytt?

OPPGÅVE 2

I mars 2015 overførde Kari Holm vederlagsfritt ei hyttetomt til sin ektefelle Thore Holm. Tomta hadde på overføringstidspunktet ei verdi på 500 000 kroner. Overføringa skjedde ved ektepakt, og ektepakta vart tinglyst både i Ektepaktregisteret og grunnboka den 10. mars same år. Den 1. januar 2017 vart Kari kravd konkurs, og konkurs vart opna den 4. januar 2017.

I ettertid har det oppstått tvist mellom konkursbuet og Thore Holm om overføringa. Konkursbuet meiner at overføringa var illojal overfor konkursbuet, og det har kravd disposisjonen omstøytt.

Thore Holm bestrider kravet. Han viser blant anna til at Kari ikkje var insolvent på overføringstidspunktet, men at ho blei det først mange månader seinare. Konkursbuet bestrider ikkje dette, men det hevdar at disse faktiske omstenda «ikkje har noko med saken å gjere».

Spørsmål 2: Grei ut og avgjer om overføringa av hyttetomta kan krevjast omstøytt.

OPPGÅVE 3

I pantelova § 1-1 (1) definerast panterrett som ein «særrett til å søke dekning for et krav (pantekravet) i ett eller flere bestemte formuesgoder».

Spørsmål 3: Forklar kort kva det betyr at panteretten er ein «særrett».

OPPGAVE 4

Spørsmål 4: Forklar kort kva motrekning er.

Spørsmål 5: Angi kva for vilkår som må være oppfylte for å kunne krevje einsidig motrekning.

OPPGÅVE 5

Rolf Pettersen dreiv med utleige av campinghytter. Han trengte ein ny grasklippar til klipping av grasplenar i det området kor campinghyttene var plassert. Rolf var veldig miljøbevisst. Han ønska difor ein grasklippar som var batteridreven.

Grønn Glede AS hadde akkurat begynt å forhandle slike grasklipparar. Rolf kjøpte ein slik. Den kosta 6.000 kroner. Den første gongen Rolf brukte grasklipparen, stoppa han etter ganske kort tid. Dette skjedde 1. juni. Rolf brukte grasklipparen kvar veke, og kvar gong stoppa han.

Etter eit par månader blei Rolf så lei av den nye grasklipparen at han den 5. august oppsøkte seljaren og kravde å få ein ny grasklippar. Seljaren undersøkte grasklipparen. Han oppdaga at det var ein elektronisk del som hadde løst. Det utvikla seg då varme som førde til driftsstans. Når grasklipparen hadde stått ei stund og blitt avkjølt, kunne den brukast igjen.

Seljaren meinte at Rolf ikkje hadde krav på å få ny grasklippar. For det første meinte han at Rolf hadde reklamert for seint. For det andre meinte seljaren at delen lett kunne skiftast, og då ville grasklipparen bli «som ny». Skifte av delen ville berre ta eit par dagar, og seljaren sa at utgiftene – ca. 500 kroner – ville bli dekt av Grønn Glede AS.

Rolf sto likevel på kravet sitt. Han ville ha ein heilt ny grasklippar, ikkje berre ein ny del.

Spørsmål 6: Har Rolf Pettersen reklamert i tide?

Spørsmål 7: Sett nå føre at Rolf Pettersen har reklamert i tide, og grei ut og avgjer deretter om seljaren har rett til å skifte delen.

OPPGÅVE 6

Real Eiendomsinvest AS sitt vedtektsbestemte formål er «kjøp, salg og utleie av fast eiendom og hva dermed står i forbindelse». Selskapet har eit styre på tre personar.

Fram til desember 2015 var Peder Ås styreleiar i selskapet, mens Lars Holm var dagleg leiar. I august 2015 mottok Holm på vegne av selskapet eit tilbod fra Ole Vold om å overta hans majoritetspost i entreprenørselskapet Norsk Husbygging AS for 5 millionar kroner. Det var gode tider i byggebransjen, og Holm meinte at det ville være bra for Real Eiendomsinvest AS å få fleire bein å stå på. Etter konferanse med styreleiar Ås inngikk Holm avtala på vegne av Real Eiendomsinvest AS. Ås og Holm var einige om at det ikkje var nødvendig å framlegge ei slik avtale for styret.

På ekstraordinær generalforsamling i Real Eiendomsinvest AS i desember 2015 vart alle styremedlemmene skifta ut. Det nye styret hevda overfor Vold blant anna at Holm ikkje hadde mynde til å inngå avtala, og at aksjehandelen difor måtte gjerast om. Vold motsette seg dette, da det ikkje var hans problem at Holm eventuelt hadde gått ut over sine fullmaktar.

Spørsmål 8: Grei ut og avgjer om Holm hadde mynde til å inngå avtala.

Spørsmål 9: Sett nå føre at Holm ikkje hadde mynde til å inngå avtala, og grei ut og avgjer deretter om avtala likevel er bindande for Real Eiendomsinvest AS.

OPPGÅVE 7

Spørsmål 10: Forklart kort kva som kjenneteiknar økonomisk kriminalitet.